



# MØTEBOK

Organisasjon:	Styre, råd, utval m.v.:	Møtestad:	Dato:
Nordfjord Havn IKS	Hamnerådsmøte	Video/oppmøte NH	15.12.2023

## Hamnerådsmøte 02/23.

Møtte:	Per Kjøllesdal	Leiar	Til stades
	Sonja Øvre Flo	Medlem	Til stades
	Edvard Iversen	1.vara Kinn kommune	Til stades
	Sølvi Grov	2.vara Kinn kommune	Til stades
	Arnar Kvernevik	Medlem	Til stades
Meldt forfall:	Bengt Solheim-Olsen	Medlem	
	Tove Lill Refvik Volle	Medlem	
Møtte ikkje:	Sidsel Kongsvik	Medlem	
Andre:	Kristian Skibenes	Hamnestyre leiar (10:00-12:00)	Til stades
	Randi Nore	Azets (10:00-10:40)	Video
	Kjell Fagna	Hamnedirektør	Til stades
	Sølve Oldeide	Ref.	Til stades

Møte satt kl.10:00

- **Innkalling og saksliste godkjent.**  
**Det blir i møte lagt opp til ekstra sak om konstituering av Hamneråd.**
- **Underskrift møtebok: Sonja Øvre Flo – Edvard Iversen**



# MØTEBOK

Organisasjon:	Styre, råd, utval m.v.:	Møtestad:	Dato:
Nordfjord Havn IKS	Hamnerådsmøte	Video/oppmøte NH	15.12.2023

## Orientering frå hamnedirektør og styrets leiar:

Hamneregulativet 2024 - Status drift pr. 3. kvartal - Økonomiplanen 2024 – 2027.  
Presentasjon av organisasjonen: Hamnerådets medlemmar – Hamne styrets medlemmar – Tilsette i selskapet. Geografisk område og hovud aktivitet – Økonomi – Investeringa/Økonomiplan. Opne representantskapsmøte (bruk av kommunal kalender for politisk møte) – Status gangveg Olden – Ny cruise kai i Stryn – Grønt skipsfartsforum – Interport – Landstraum – Utvikling av nye skip/energi kjelde - EPI – Vurdering skattesaka – Turistskatt - Tolegrenseanalyse cruise Nordfjord.

## Sak 5/23 Gjennomgang og godkjenning av driftsbudsjettet.

### Saksbeskriving:

Driftsbudsjettet ble framlagt og godkjent av Hamnestyret d. 17.11.2023. Hamnedirektøren vart bedt om å framlegga budsjettet for gjennomgang og endeleg godkjenning i Hamnerådet. (Vedlegg 4)

### Innstilling:

Hamnedirektørens innstilling: Driftsbudsjettet for 2024 godkjennast som framlagt.

Vedtak: **Einstemmig vedteke.**

## Sak 6/23 Reglement for godtgjersle til Råd og Styre.

### Saksbeskriving:

Det ble på hamnerådsmøte i 2019 (sak 4/19) vedtatt et reglement for godtgjersle for Råd og Styre. Satsane er ikkje regulert i perioden og bør justerast. Vedlegg 5

### Saksvurdering:

Nordfjord Havn har dei seinare åra hatt ei god utvikling takka være eit Råd og Styre som har støtta opp under kommersialisering av hamna. Det er viktig med politisk kompetanse, men det er også viktig for vidare utvikling at ein kan knytte til seg anna kompetanse frå næringslivet. Honorar for råd og styre vart sist heva hausten 2019 og det er viktig at selskapet er attraktivt for framtidige representantar i Råd og Styre.

### Innstilling:

Hamedirektøren ber Hamnerådet godkjenne administrasjonens forslag til nytt reglement for godtgjersle til Råd og Styre.

Vedtak: **Einstemmig vedteke med tillegg om at valnemnda foreslår godtgjersla for framtida.**



# MØTEBOK

Organisasjon:	Styre, råd, utval m.v.:	Møtestad:	Dato:
Nordfjord Havn IKS	Hamnerådsmøte	Video/oppmøte NH	15.12.2023

## Sak 7/23 Førehandsgodkjenning av investeringsmidlar

### Saksbeskriving:

Selskapsavtalen beskriv at hamnerådet skal godkjenne investeringane i Nordfjord Hamn. Det det ikkje er eit spesifisert størrelse på beløp som skal godkjennast i hamnerådet. På eit budsjettår kan det dukke opp moglegheiter som krev ei hurtig saksgang slik at resultatet for Hamna blir best mogeleg.

### Saksvurdering:

Sidan 2020 har Hamnerådet gjeve Hamnestyret fullmakt til å bruke 5 millionar av selskapets driftsmidlar. Dette har gjeve hamnestyret ei mogelegheit å avgjera mindre investeringar utan å innkalle hamnerådet. Dette har vore ei løysing som har fungert særst bra. Ber om at hamnerådet godkjenner ei ramme på 5 millionar som hamnestyret har til disposisjon i løpet av budsjettåret 2024. Administrasjonen må kunne framlegga ein oversikt på kva som er brukt i budsjettåret frå denne fullmekten om hamnerådet ber om det. Administrasjonen ber rådet vidareføre denne ordninga då den har vist seg effektiv for drifta.

### Innstilling:

Hamnedirektøren ber rådet vurdere og eventuelt godkjenne denne ordninga for budsjettåret 2024.

Vedtak: **Einstemmig vedteke.**

## Sak 8/23 Godkjenna instruks for valkomité

### Saksbeskriving:

Den nye selskapsavtalen som ble godkjent d. 14.06.2023. Under § 15 valgkomite står det; Sitat - «Valgkomiteen skal ha 3 medlemmer med personlige vara. Medlemmene, leder og nestleder velges av havnerådet. Valgkomiteen oppnevnes for 2 år.

Valgkomiteen skal foreslå et kompetansesammensatt styre. Havnerådet utarbeider instruks for valgkomiteen» -Sitat Slutt.

### Saksvurdering:

Basert på den nye selskapsavtalen har administrasjonen utarbeida eit forslag til selskapsavtale saman med Adv. Håkon Riegels i Samfunnsbedriftene. Instruks for valnemnd er i tråd med Samfunnsbedriftenes anbefaling. Hamnerådet kan når dei ynskjer det gjera forandringar på denne instruksen etter kva rådet er det beste for selskapet. Vedlegg 6.

### Innstilling:

Hamnedirektøren ber rådet vurdere og eventuelt godkjenne vedlagt instruks for valnemnd.

Vedtak: **Einstemmig vedteke**



# MØTEBOK

Organisasjon:	Styre, råd, utval m.v.:	Møtestad:	Dato:
Nordfjord Havn IKS	Hamnerådsmøte	Video/oppmøte NH	15.12.2023

## Sak 9/23 Godkjenning av ekstra vedtakssaker for behandling i møte:

- Konstituere Hamneråd med val av leiar og nestleiar.
- Valnemnd Nordfjord Havn IKS

Vedtak: Einstemmig vedteke.

## Sak 10/23 Konstituere Hamneråd med val av leiar og nestleiar.

Arnar Kvernevik foreslår at Kinn og Stryn kommune som største eigarar har leiar og nest leiar i hamnerådet.

Sonja Øvre Flo foreslår eksisterande leiar og nest leiar Per Kjøllesdal - Sidsel Kongsvik fortset.

Vedtak: Einstemmig vedteke.

## Sak 11/23 Valnemnd Nordfjord Havn IKS.

Arnar Kvernevik foreslår valnemnd med ein representant frå kvar av dei tre eigar kommunane i selskapet og foreslår følgande representantar:

Sonja Øvre Flo – Bengt Solheim Olsen – Arnar Kvernevik

Vedtak: Einstemmig vedteke.

Møte avslutta kl. 13:00.

---

Per Kjøllesdal

---







Sonja Øvre Flo

---

Edvard Iversen

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokumentet er signert med Addo Sign sin sikre digitale signatur.  
Underskriverens identitet er fysisk registrert i det elektroniske PDF-dokumentet og er vist nedenfor.  
Alle tider er gitt i koordinert universaltid (UTC).

## Underskrivere

  <b>Per Atle Kjøllesdal</b> 9578-5993-4-2585538 2023-12-19 21:03:14Z	  <b>Sonja Øvre-flo</b> 9578-5998-4-1861603 2023-12-20 04:18:31Z
  <b>Edvard Johan Iversen</b> 9578-5998-4-1346833 2023-12-21 07:18:11Z	

## Dokumenter i transaksjonen

Møtebok Hamneråd 02-23.pdf	<i>Dette dokumentet</i>
----------------------------	-------------------------



Dokumentet er digitalt signert med Addo Sign sikker signeringstjeneste. Signaturbeviset i dokumentet er sikret og validert ved å bruke den matematiske hash-verdien til originaldokumentet.

Dokumentet er låst for endringer og tidsstempelt med et sertifikat fra en klarert tredjepart. Alle kryptografiske signeringsbevis er innebygd i PDF-dokumentet i tilfelle de skal brukes til validering i fremtiden.

### Hvordan verifisere ektheten til dokumentet

Dokumentet er beskyttet med et Adobe CDS-sertifikat. Når dokumentet åpnes i Adobe Reader, vil det se ut til å være signert med Addo Sign signeringstjeneste.